



Mylin IV passerer Skorpevågen torsdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mange fine båter har teke turen gjennom Storsundet denne sommaren og torsdag var eit av høgdepunkta i så måte. Då passerte Mylin IV med kurs mot Rosendal for sakte fart.**

Som vanleg er eit yachtbesøk av dette formatet omgjeve av stor diskresjon og det var ikkje så mykje media fekk veta då båten var i Bergen i starten på denne veka og låg ved Bradbenken. Denne yachten er som andre sjeldan å se utanom dei tradisjonelle yacht-stroka sør for Florida eller i Middelhavet, men denne sommaren har altså Noreg stått på besøkslista.

Båten er nummer 21 på lista over dei største i USA, men dette året er den seks fot for kort til å komma med på lista over dei 100 største yachtane i verda. Mylin IV er "berre" 61 meter lang, er registrert på Cayman Islands, har eit mannskap på 14 og plass for 11 gjestar. Toppfarten er oppgjeve til 20 knop. Båten vart bygt i Nederland i 1992 – den er altså slett ikkje nokon nykommar i denne eksklusive familien.

Om seilingsruta vidare har vi diverre ingen opplysningar, men det er mykje som tyder på at eigaren har eit spesielt tilhøve til Noreg. Michy Arison eig skuta og faren hans Ted grunnla Norwegian Cruise Lines i 1966 saman med Knut Kloster.

Michy driv no Carnival Cruise Lines og dessutan eig han basketball-laget Miami Heat..

Av Ola Matti Mathisen